

Opprit frå referansegruppemøte i «Innføring i kvantefysikk» 25.04.16

- Formelark ligg no ute på nettsida. Den endelege versjonen vert klar ca 1 veke før eksamen 2. juni. Denne versjonen vil vere tilpassa eksamenen som vert gitt.
- Både positive og negative tilbakemeldingar på grundige utleiingar i timane. Det hadde vore fint om det var nokre korte, litt meir konkrete døme innimellom, som illustrerer kva vi skal kunne til eksamen.
- Oppgåveteksten til den obligatoriske øvinga vart oppfatta som litt uklar. Mange knota mykje med øvinga, og det tok lang tid å få hjelp i øvingstimane.
- Enkelte hadde problem med at ting ikkje dukka opp og ikkje verka i Pyzo (øving 11). Det var òg vanskeleg å omsetje scripta til Matlab, spesielt pga handteringa av arrays i Python.
- Paritet var berre so vidt nemnd i forelesingane. Dette kunne gjerne vore forklart litt betre i øvingane, spesielt om det same settet med øvingar skal nyttast neste år.
- Det var fint at øvingane ikkje har vore obligatoriske, og at LF har vore tilgjengeleg. Formatet på øvingane er uvand, og til dels svært vanskeleg å forstå utan LF.
- Det kunne vore fint med ei obligatorisk «midtsemesterøving», som likna på enkle eksamensoppgåver. Denne kunne vorte opplevd meir relevant enn mange av dei frivillige øvingane, og samstundes oppsummert den første halvdel av kurset.
- Jon Andreas prøvde å få forelesingane filma dette semesteret, men var litt seint ute og vart difor ikkje prioritert. Han vil prøve igjen å få det til neste år, spesielt sidan det er mange studieretningar som tek kurset, og det kan vere vanskeleg å få alt til å passe for alle.
- Det har til dels vore vanskeleg å forstå kva vi skal lære i emnet, og det kunne med fordel vore spesifisert kvifor noko vert undervist eller er ein del av øvingsopplegget (altså: kva skal vi få ut av det).
- Framdriftsplanen kan med fordel oppdaterast etter kvar forelesing, slik at han inneheld kva sider av notata som er gjennomgått. Dette vil gjere det enklare å lese seg opp på eiga hand dersom ein misser ei forelesing.
- Enkelte samanhengar frå tidlegare fysikkurs forventast kjende.